

Kva vil AKP(m-l)?

**Studieopplegg
til partiets**

Prinsippprogram

KVA VIL AKP(m-1)?

STUDIEOPPLEGG TIL PARTIETS PRINSIPPROGRAM - VEDTATT PÅ
AKP(m-1)s 4. LANDSMØTE - HØSTEN 1984.

Utarbeida av Studieutvalget i AKP(m-1)

INNLEIING

=====

Dette heftet er eit studieopplegg basert på AKP(m-l)s sitt prinsippprogram som vart vedtatt på partiets 4. landsmøte hausten 1984.

Opplegget er laga for alle som er interessert i å vite meir om AKP(m-l). Prinsippprogrammet gir førstehands kjennskap til kva det revolusjonære kommunistpartiet i Noreg meiner om ulike prinsipielle spørsmål; til dømes:

- kva er sosialisme og kommunisme? Er ikkje kommunismen eit uoppnåeleg idealsamfunn - korleis kan partiet hevde at det er ein realistisk mulighet?
- kva meiner partiet om imperilaismen og krigsfaren? Korleis meiner partiet kampen mot krigsfaren bør førast?
- kvifor meiner partiet det er viktig å reise kamp mot klassesamarbeidsideologien i fagrørsla - ikkje minst i kampen for å oppretthalde arbeidsplassane?
- kva meiner AKP(m-l) om DNA og SV?
- korleis vurderer partiet konsekvensane av den nye teknologiske revolusjonen?

Studieopplegget passar for sjølstudium, men er først og fremst laga for diskusjonsgrupper og studiesirkklar. Til kvart møte er det laga forslag til diskusjonsspørsmål, og ei sjekklister som du kan bruke for å forsikre deg om at du har fått med deg hovudpunkta i dei forskjellige kapitla. Nokre stader har vi tatt med sitat frå folk som står fjernt frå partiet. Slik kan du lettare få auge på skilnadene mellom AKP(m-l) og til dømes SV og DNA.

Studieopplegget følgjer ikkje kapittelrekkefølgen i programmet. Av pedagogiske grunnar har vi til dømes plassert møtet om kommunismen nærare avslutninga av opplegget.

Programmet er ikkje laga som ei lærebok. Det har som formål å presentere hovudlinjene i partiets grunnlag og strategi på ein mest mulig konsis og kortfatta måte. Alle som ønskjer ei første innføring i partiets politikk må derfor sette seg inn i dette programmet.

OPPBYGGING

=====

Studieopplegget er bygd opp slik: (referanse til prinsippprogrammet er satt i parentes).

Møte 1: Imperialismens siste tid på jorda (Kapittel 1).

Møte 2: Kapitalismen i Noreg og utviklinga under kapitalismen (Kapittel 4 og 6).

Møte 3: Den internasjonale kommunistiske rørsla og AKP(m-1). (Kapittel 7 og 8).

Møte 4: Kampen mot supermaktene og krigen. (kapittel 3).

Møte 5: Løysinga. Sosialisme og kommunisme i heile verda. (Kapittel 2).

Møte 6: Sosialistisk revolusjon i Noreg. (Kapittel 5).

NOKRE STUDIETIPS

=====

Det er viktig at du legg vekt på å få med deg innhaldet i dei forskjellige kapitla. Det vil sikkert vere ting du tykkjer er uklart, eller for knapt forklart. Noter ned slike ting og ta det opp på møtet. Gå gjennom sjekklista for å finne ut om du har fått med deg innhaldet. Til kvart møte er det laga ein del "Tenk etter"-spørsmål som kan hjelpe deg til å tenke grundigare gjennom viktige saker. Og du blir oppmoda til sjøl å ta stilling til standpunkta i programmet. Dersom alle deltakarane er godt budde til møtet, vil også diskusjonane bli mykje betre!

STUDER VIDARE!

=====

Prinsippprogrammet gir ei nødvendig første innføring i partiets grunnlag. Men gir sjølsagt ikkje svar på alle viktige spørsmål ved marxismen og partiets linje i ulike saker.

I partiets arbeidsprogram vil du finne partiets syn på mange enkeltsaker. Les også partiets teoretiske tidsskrift Røde Fane og Klassekampen. I "Marxistisk Studiebok" trinn 1 og 2 vil du finne stoff om ei rekke teoretiske spørsmål. Og dersom du ønskjer grundig kjennskap til revolusjonær teori, så er dei marxistiske klassikarane ei gullgruve.

=====

MØTE 1: IMPERIALISMENS SISTE TID PÅ JORDA

=====

Les kapittel 1 i prinsippprogrammet!

Kapittel 1 inneheld avsnitt om opphavet til klassesamfunnet, og om klassekampens betydning opp gjennom historia. Eit eige avsnitt tek opp korleis klassesamfunnet er vidareutvikla under kapitalismen i og med framveksten av dei to hovudklassane, kapitalistklassen og arbeidarklassen. Det neste avsnittet viser kvifor det stendig vil oppstå revolusjonar under kapitalismen, og kvifor kapitalismen og imperilaismen er ute av stand til å løyse dei aukande motsetningane i verda. Kapitlet gir også ei vurdering av dei viktigaste motseiingane i det noverande kapitalistiske systemet, og peikar på at imperialismen har ført til ei kraftig skjerping av undertrykkinga av svake nasjonar.

I dett kapitlet er det nytta ein del omgrep som bør forklarast nærare. Kapitlet bygger på Marx sin teori om den historiske utviklinga. I si innleiing til "Kritikk av den politiske økonomien", seier Karl Marx:

"I den samfunnsmessige produksjon av sitt liv trer menneskene inn i bestemte, nødvendige, av deres vilje uavhengige forhold, produksjonsforhold, som svarer til et bestemt utviklingstrinn av deres materielle produktivkrefter."

Med PRODUKSJONSFORHOLD meiner Marx:

"I produksjonen påvirker menneskene ikke bare naturen, men også hverandre. De produserer bare ved at de samarbeider på en bestemt måte og utveksler sin virksomhet gjensidig. For å produsere inngår de i bestemte forbindelser og forhold med hverandre, og bare innenfor disse samfunnsmessige forbindelsene og forhold foregår deres innvirkning på naturen, foregår produksjonen."

Med produksjonsforhold meiner ein altså forhold mellom menneska i produksjonen, til dømes forholdet mellom slave og slaveeigar i slavesamfunnet. Eller forholdet mellom den føydale godsherren og hans liveigne bønder under føydalismen. Under kapitalismen er produksjonsforholdet mellom kapitalistar og arbeidarar særleg viktig.

Ei viktig side ved produksjonsforholda under kapitalismen, er at dei er objektive - dvs. at dei eksisterer uavhengig av viljen til menneska, og uavhengig av om menneska er medvitne om at dei inngår i slike forhold.

PRODUKTIVKREFTENE

=====

Produktivkreftene består av menneske sjøl. Deres evne til kunnskapar, ferdigheter, erfaringar osv, og av teknikken, dvs. produksjonsreiskapane.

Prinsippprogrammet legg vekt på (kap. 1.3) at produksjonsforholda kan bli eit hinder for utviklinga av produktivkreftane, og at klassekampen vil rydde vegen for nye produksjonsforhold. Både slavesamfunnet og føydalismen vart styrta gjennom klassekamp.

Slavesamfunnet, føydalismen og kapitalismen er døme på ulike produksjonsmåtar, som er ulike i historiske epokar. Desse ulike produksjonsmåtene skil seg frå kvarandre ved ulike former for utbytting. Med andre ord den måten den herskande klassen tileignar seg resultatet av arbeidet til den utbytta klassen. Under kapitalismen er utbyttinga skjult under forma av lønsarbeid. Men også her blir ein del av den verdien arbeidarene skaper overført til kapitalsitane - som er den herskande klassen i denne produksjonsmåten. Karkteristisk for sosialismen og kommunsimen er at utbyttinga er oppheva. Det overskotet som blir skapt vil bli disponert av heile samfunnet - ikkje av ei herskande klasse. Samfunnet dispnerer produksjonsmidla og regulerer produksjonen etter ein samfunnsmessig plan.

I dag opplevar vi ein ny teknologisk revolusjon med ei sterk utvikling av produktivkreftene. Aldri tidlegare har veksten i kunnskap og produktivitet vore så sterk. Samstundes ser vi at motseiinga mellom dei kapitaklsitiske produksjonsforholda og produktivkreftane skjerpar seg. Trass i mange tekniske nyvinningar, har fattigdomen, arbeidsløysa og dei økonomiske krisene i det kapitalsitiske systemet blitt stadig verre. Det viser seg at under kapitalsitiske produksjonsforhold fører ikkje utviklingta av produktivkreftene til betre forhold for folk flest - men tvert om til kriser og fattigdom.

IMPERIALISMEN
=====

Imperialismen er kapitalismen på det utviklingssteget då finanskapitalen og monopola sitt herredømme er oppretta, då kapitaleksporten er blitt særleg viktig, då dei internasjonale kapitalistsamanslutningane har byrja dele verda mellom seg, og då oppdelinga mellom dei største kapitalmaktene er fullført. Dette er Lenin sin definisjon på imperialismen. Programmet hevdar at det imperialistiske systemet no møter kriser på stadig fleire område: "Imperialismen kjem i stadig skarpara motsetnad til til att manneætta framleis kan leve på jorda". (Kap. 1.3).

=====

TENK ETTER:

Er du enig i AKP(m-l) si analyse av utviklinga av imperialismen og at motseiingane under imperialismen fører til stadig større og djupare økonomiske, politiske og økologiske kriser?

=====

Desse spørsmåla er det viktig å arbeide med, i desse analysene av utviklinga av imperialismen og kapitalismen finn du grunnlaget for partiets politiske strategi. I programmet vil du finne våre hovudstandpunkt, forsøk sjøl å finne ut om analysen stemmer med utviklinga slik du kjenner den. Stikkord å tenkje på: Auka motseiing mellom den rike og fattige delen av verda. Konsekvensane av den teknologiske revolusjonen. Utviklinga av den økologiske balansen. Utviklinga av den kapitalistiske økonomien. Arbeidsløysa. Opprustinga i dei imperialistiske supermaktene USA og Sovjet.

SJEKKLISTE
=====

Har du fått med deg innhaldet i kapittel 1? Her kan du få sjekka det ved å svare på desse spørsmåla:

1. Kva var grunnlaget for inndelinga av samfunnet i klasser?
2. Korleis kan ein seie at framveksten av klasser var eit historisk framsteg?
3. Kva er meint med at det arbeidane folket er drivkrafta i historia?

4. Korleis er forholdet mellom produktivkrefter og produksjonsforhold?
5. Kva betydning har klassekampen hatt for overgangen frå eit økonomisk system til eit anna?
6. Kvifor kalla Marx proletariatet "det mest eigentlege produktet av kapitalismen"?
7. Kva motseiingar dominerar verda i dag? (1985).
8. Kva går teorien om dei 3. verdene ut på?
9. Korleis har styrkeforholdet mellom USA og Sovjet utvikla seg?
10. Korleis er forholdet mellom den 2. verda på den eine sida og 1. og 3. verda på den andre?
11. Nemn tre viktige særdrag ved verdsutviklinga i første delen av 1980-åra.

=====

SPØRSMÅL TIL DISKUSJON (MØTE 1):

=====

1. Drøft - og ta stilling til - dette avsnittet:

"Det er det arbeidane folket som er hovuddrivkrafta i historia, både ved at det utviklar produksjonen og fører klassekamp. Når menneska utviklar produksjonen og endrar måten å produsere på, endrar det og tilhøvet mellom menneska i produksjonen. Når eit økonomisk system i hovudsak har vorte ei hindring for utviklinga av produktivkreftene, har det vorte styrta gjennom klassekamp. Slik har klassekampen rydda veg for nye økonomiske system, som igjen ga menneska rom for å utvikle produksjonen og menneskesamfunnet vidare. Slik blei slavesamfunnet styrta, og slik blei føydalismen styrta."

2. Kva meiner du om påstanden at "arbeidarklassen er den objektivt mest revolusjonære klassen"?

3. Gi døme på dei motseiingane som dominerar i verda i dag, i følge programmet:

- motseiinga mellom dei to imperialistiske supermaktene
- motseiinga mellom imperialismen og den 3. verda.

Er du enig i at det er særskilt desse som skjerpar seg no?

4. Er du enig i at ei rekke faktorar peikar i retning av "ei ny periode med store samfunnsmotseiingar, revolusjonar og krigar i dei høgt utvikla kapitalistiske landa"?

Kva faktorar er i så tilfelle dette?

=====

MØTE 2: KAPITALISMEN I NOREG OG UTVIKLINGA UNDER KAPITALISMEN
=====

Les kapittel 4 og 6 i prinsippprogrammet!

I kapittel 4 finn du partiet sitt syn på ulike sider ved det norske samfunnet: Klasser og klassemotseiingar, kvinnenens situasjon, om samar og innvandrarakar, motseiingar mellom by og land, om natur og miljø, åndsarbeid og manuelt arbeid m.m. Kapitlet går og nærare inn på staten si rolle og det norske partisystemet.

I det korte kapittel 6 legg partiet fram sitt syn på kampen for reformar under kapitalismen og begrensningane i den "reine" kampen for reformar.

I avsnitt 4.1 heiter det at Noreg er eit lite, rikt og sjølvstendig kapitalistisk land i den 2. verda. Landet er ein del av verdsmarknaden og svært kjenslevart for internasjonale konjunkturar. Noreg er imperialistisk og tek del i utbyttinga av den 3. verda. Noreg er eit svakt land og truga av supermaktene. Det ligg i skotlina om det vert krig i Europa.

=====

TENK ETTER:

Finn døme som viser korleis den norske kapitalen er ein del av den internasjonale imperialismen. Kva er ønsket om ein "internasjonalisering" av norsk kapital uttrykk for?

=====

I avsnitt 4.3 blir det lagt fram ein klasseanalyse av Noreg. Formålet med klasseanalysen er viktig å ha klart for seg. Klasseinteressene er nært knytta til spørsmålet om ulike grupper har objektiv interesse av kapitalismen eller sosialismen. Her tenkjer ein ikkje på kva subjektive idear ulike samfunnsgrupper har om sosialismen, men på deira objektive, materielle situasjon i det norske klassesamfunnet.

=====

TENK ETTER:

Er det rett å seie at hovudmotseiinga i Noreg går mellom borgarskapet og arbeidarklassen?

=====

Merk avsnittet om arbeidararistokratiet. Stemmer Denne analysen med dine egne erfaringar, eller som du kjenner til?

Dei fem store motseiingane i det norske samfunnet (kap. 4.4) er ikkje klassemotseiingar, men har likevel stor betydning - ikkje minst fordi dei gjev grunnlag for breie alliansar i kampen mot borgarskapet.

STATENS ROLLE

=====

Avsnittet om statens rolle (kap. 4.5) gjev eit viktig døme på kor klart AKP(m-l) skil seg frå andre parti, til dømes DNA og SV. Synet på den kapitalistiske staten har alltid markert eit hovudskille mellom revolusjonær og reformistisk politikk. Dette er også sosialdemokratane og SV-folk i 1985 medvitne om. I 1984 kom det ut ei bok - skriven av leiande venstresosialdemokratane og nokre SV-folk, om politisk strategi i Noreg i 80-åra.

Boka heiter "Uten reformer stopper Norge", og kan tene som eit døme for å få fram skillelinjene mellom AKP(m-l) og DNA/SV. I ein artikkel i denne boka heiter det (artikkelen heiter for øvrig "Den langsomme revolusjonen"):

"I den sosialdemokratiske forståelse har den aktive stat vært en sentral del. Dette i motsetning til hva vi kan kalle venstre-"radikal" forståelse. Der har den sosialdemokratiske stat og det sosialdemokratiske samfunn ofte vært betraktet som kapitalismens mest avanserte undertrykkelsesform.

Den aktive stat opererer på flere områder, og etter ulike prinsipper. Vi vil her skille mellom områder som bør være helt offentlig organiserte, områder der staten inngår som en aktivpart blant flere, eller eventuelt opptreer aktivt ved å legge premisser (...) og de områder hvor det offentlige deltar primært gjennom overføring til næringsutøvere. (....)

Norge har derfor et særlig behov for, men også særlig historiske forutsetninger for, å integrere stridende interesser i en felles politikk gjennom et nett av forhandlinger og tillitsforhold. Det er viktig å understreke at forhandlinger og kompromisser mellom stridende interesser ikke er idyll eller ettergivenhet fra arbeiderbevegelsen."

(Forfattarane av artikkelen er: Ivar Frønes og Ted Hanisch).

=====
TENK ETTER:

Ta for deg avsnittet om staten i programmet til AKP(m-l) og samanlikn dette med sitatet frå "Den langsomme revolusjonen". Merk deg skilnadene i vurderinga av staten si rolle. Kva meiner du sjøl om dette?

=====

I avsnittet om dei borgarlege arbeidarpartia er det gjeve nokre karakteristikkar av DNA, SV og NKP.

=====

TENK ETTER:

Er det rett å seie at DNA er "det viktigaste partiet for borgarskapet sitt diktatur"?

Er det rett å seie at SV "er eit reformistisk og venstresosialdemokratisk parti"? Er det noko ved SV sin praksis som skulle tyde på at partiet er revolusjonært og ikkje sosialdemokratisk?

=====

"FRÅ STABILITET TIL KRISE"

=====

Dei siste avsnitta i dette kapitlet har overskrifta "Noreg frå stabilitet til krise", og gir ei kort samanfating av overgangen frå dei stabile 60- og 70-åra - og situasjonen i 80-åra som er prega av kriser og arbeidsløyse. Avsnitt 4.7.2 konkluderar med at mest truleg er det at den stabile perioden i den norske kapitalismen er ugjenkalleleg slutt. Også venstre-sosialdemokratar seier dei vil forsvare "velferdsstaten", men dei skil lag med kommunistane i synet på korleis dette må gjerast. Og i synet på behovet for sosialisme. Typisk for sosialdemokratar av ulik type er at dei aldri stiller spørsmålsteikn ved sjølve det kapitalistiske systemet, sjølv om det er klart at den grunnleggende årsaken til arbeidsløyse, kriser og nedskjeringar er å finne nettopp her. I steden for å reise kamp mot heile systemet, propaganderer heile DNA behovet for klassesamarbeid og "forhandlingar" for å løyse problema i økonomien og det politiske livet. I følge denne ideologien er det ikkje kapitalen og borgarskapet som er hovud-

fienden, men til dømes ulike interessegrupper som gjennom sin kamp trugar klassefreden og dei "felles interessene".

Mot desse ideane hevdar AKP(m-l) at det berre er skjerpa klassekamp og mobilisering av dei breie laga av folket som kan slå tilbake åtaka på "velferdsstaten", og at årsakene til nedgangstidene er å finne i sjølve det kapitalistiske systemet. Derfor må propaganda for sosialisme vere ein sentral del av partiet sin kamp mot krise.

=====

TENK ETTER:

Venstresosialdemokratane seier no at dei vil forsvare "velferdsstaten". Men kva erfaringar hadde vi med DNA i den tida partiet hadde regjeringsmakt - fram til 1981? Og kva erfaringar har vi gjort med DNA lokalt i perioden etterpå? Til dømes i bystyres og kommunestyres?

Kva meiner du om ein strategi for forsvar av "velferdsstaten" som vil avskrive klassekampen og i staden mane til klassesamarbeid?

=====

SJEKKLISTE

=====

Gjeld kapittel 4 og 6:

1. Nemn nokre særdrag ved produksjon og økonomi i Noreg.
2. Kva grupper høyrer med til borgarskapet?
3. Korleis har forholdet mellom statskapital og privat kapital utvikla seg?
4. Kva karakteriserar arbeidarklassen?
5. Kva karakteriserar småborgarskapet?
6. Kva er arbeidararistokratiet - og kva grupper inngår i det?
7. Nemn fem store motseiingar i det norske samfunnet.
8. Kva karakteriserar familien som institusjon?
9. Kva er meint med at valdsapparatet er kjerna i statsmakta?
10. Kva er formålet med partisystemet?
11. Nemn nokre viktige kjennetegn ved dei tre borgarlege arbeidarpartia.

SPØRSMÅL TIL DISKUSJON (MØTE 2):

=====

1. Les avsnittet om arbeidararistokratiet. Kva meiner du om påstanden at: "Arbeidararistokratiet spelar ei viktig politisk rolle ved å føre ut ein borgarleg politikk i arbeidarklassen. Kampen mot arbeidararistokratiet sin innverknad i arbeidar-klassen er derfor ei heilt avgjerande oppgåve for at klassen skal verte i stand til å styrte kapitalismen".
2. Diskuter påstanden: "I alle klassesamfunn er oppgåva til staten å verne makta til den herskande klassen. Kjerna i statsmakta er valdsapparatet."
3. Les kapittel 6 om utviklinga av klassekampen under kapitalismen. Kva betydning meiner du kampen for reformar har? Kva begrensingar ser du i den "reine" kampen for reformar?
4. Kva betydning har det at kvinnene ved midten av 80-åra utgjer nær innpå halvparten av den norske arbeidarklassen?

=====

MØTE 3: DEN INTERNASJONALE KOMMUNISTISKE RØRSLA OG AKP(m-1)
=====

Les kapitlene 7 og 8 i prinsippprogrammet.

Kapittel 7 tek stilling til ei rekke spørsmål som gjeld historia til den kommunistiske rørsla. Kapittel 8 er første delen av partiets program for organisasjonsspørsmål. Vedtektene er andre delen av partiets program for organisasjonsspørsmål.

I kapittel 7 blir det tatt stilling til fleire saker som mange vil ha vanskeleg for å ta stilling til - fordi dei ikkje har nok kjennskap til kommunismens historie. Formålet med dette møtet kan ikkje vere å ta stilling til alle desse stridsspørsmåla frå historia, men å ta stilling til hovudsaka: Om det er behov for eit kommunistisk, marxist-leninistisk parti i Noreg i dag!

Merk at det er nøye sammanheng mellom det politiske/teoretiske grunnlaget til partiet, og måten partiet er organisert på. For at kapitalismen skal kunne styrtast, må ein ha reiskapar som duger til dette.. Borgarskapet har eit sterkt valdsapparat, sterke organisasjonar. Dei har media og institusjonar som dagleg sprer borgarskapets ideologi - og dei har mange års røynsle i kunsten å herske. Kva slags organisasjon må arbeidarklassen ha for å styrte borgarskapet si makt? Det kommunistiske partiet er oppretta for å gi arbeidarklassen ein revolusjonær organisasjon. Ei politisk leiing og ei vitskapleg forståing av samfunnet og revolusjonen.

Partiet er organisert etter den demokratiske sentralismen. Dette er ei organisasjonsform som borgarskapet fryktar, og dei har alltid retta harde åtak mot den, og hevda at demokratisk sentralisme betyr diktatur, einsretting og slavisk underkastning. Men demokratisk sentralisme har alltid vore arbeidarklassen sin organisasjonsform. Ein brei demokratisk diskusjon vedtar den politiske linja - og vel leiinga. Når linja er vedtatt og skal setjast ut i livet, underordnar medlemmene seg en frivillig, medviten disiplin.

Utan demokrati er det ikkje mulig å utnytte organisasjonens ressursar til å utvikle ei mest mulig korrekt linje. Medlemmene si skaparkraft blir ikkje brukt, og partiet vil raskt degenerere. Sentralismen trengs for å konsentrere kreftene, ta raske initiativ og sette vedtak raskt ut i livet.

=====
TENK ETTER:

Mot prinsippet om demokratisk sentralisme står ideane om det "sosialistiske massepartiet". M.a. forfekta av SV som ikkje stiller krav til medlemmene om arbeidsplikt. Det er nok at du er "papirmedlem" - og organisasjonen er laus med lite eller ingen krav om disiplin. Er dette demokratisk, eller blir eit slikt parti i praksis lett ein reiskap i hendene på eit parti-byråkrati som er heva over medlemmene sin kontroll?

=====
Erfaring viser at heller ikkje eit marxist-leninistisk parti er immun mot byråkratisering. Ikkje minst erfaringane frå Aust-Europa og Sovjet viser at faren er der heile tida. Men det seier seg sjøl at aktive medlemmer i aktive grunnorganisasjonar er ei mykje sikrere motvekt mot dette enn kva "papirmedlemmer" er. Spørsmålet om faren for byråkratisering av partiet, og kva tiltak som trengs for å motverke dette i eit framtidig sosialistisk Noreg blir tatt opp i møte 6.

SJEKKLISTE

=====

Gjeld kapitlene 7 og 8.

1. Kva var bakgrunnen for kontrarevolusjonen i Sovjet?
2. Kva var hovudpunkta i Maos kritikk av Sovjet-revisjonismen?
3. Kva er kjennetekna ved Sovjet-revisjonismen?
4. Kva er dei viktigaste skillelinjene mellom marxisme og opportunisme i dag?
5. Kva innebærer prinsippet om demokratisk sentralisme?
6. Kva betydning har den demokratiske kampen internt i partiet?
7. Kva er fraksjonisme?
8. Kva betydning har grunnorganisasjonane i partiet?
9. Nemn døme på viktige teoretiske og politiske kampar i marxismens historie.

SPØRSMÅL TIL DISKUSJON (MØTE 3):

=====

1. I ein artikkel i "Marxistisk studiebok" hevdar Kjersti Ericsson:

"En av partiets aller viktigste oppgaver er nettopp å propagandere og forklare hvorfor sjølve systemet må endres, og knytte denne analysen til arbeidsfolks egne kamperfaringer. Uten dette kommer klassekampen aldri utover dagskamp/reformstadiet. Partiet er nødvendig for å spre revolusjonær bevissthet i arbeiderklassen og legge grunnlaget for revolusjonær kamp."

Er du enig i dette. Korleis stemmer dette med AKP(m-l)s politiske praksis i dag - slik du kjenner den?

2. Blant folk som kallar seg sosialister har det alltid vore usemje om dei politiske organisasjonsformene. Kommunistar er organisert etter den demokratiske sentralismen og bygger på den leninistiske partimodellen. Medan reformistar alltid har hevda at ei eller anna form for "sosialistisk masseparti" er det rette. Kva organisasjonsprinsipp meiner du eit revolusjonært parti bør bygge på?

3. AKP(m-l) treng mange fleire medlemmer. Vil du melde deg inn i partiet?

=====

MØTE 4: KAMP MOT SUPERMAKTENE OG KRIGEN

=====
Les kapittel 3 i prinsippprogrammet.

I dette kapitlet legg partiet fram sitt syn på korleis kampen mot supermaktene sine krigsførebuingar bør førast.

"Imperialisme betyr krig. Det kan ikkje bli slutt på all krig før det imperialistiske systemet sjøl er avskaffa." Dette er to helt sentrale setningar i kapitlet. Spørsmål om krig og fred har nøye samanheng med utviklinga av kapitalismen og imperialismen.

Merk at programmet skil mellom rettferdige og urettferdige krigar. Krigar som imperialistis-statar fører med kvarandre for å vinne hegemoni - globalt eller regionalt - er urettferdige, reaksjonære krigar. Krigar for nasjonal og demokratisk frigjering for koloniar og undertrykte nasjonar er døme på rettferdige krigar. Det same gjeld revolusjonære opprørskrigar mot borgarskapet i dei imperialistiske landa.

=====
TENK ETTER:

Finn døme på rettferdige og urettferdige krigar.
=====

Sjølv om krigar er uunngåelege under imperialismen, er det mulig å påverke tidspunktet for utbrotet, omfanget og forløpet av krigen. Dersom dei kreftene som verkar mot ein konkret imperialistisk krig er kraftige nok, kan dei i nokre tilfelle hindre at denne konkrete krigen bryt ut. (Kap. 3.3.1).

I dag er supermaktene USA og Sovjet det største hinderet for frigjering og revolusjon i verda. Den viktigaste felles oppgåva for folk i verda er no å bygge opp ein brei, internasjonal einskapsfront mot supermaktene.

=====
TENK ETTER:

Programmet hevdar at Sovjet noer den farlegaste og mest aggressive av dei to supermaktene. Finn døme som visar korleis Sovjet har styrka sin posisjon i ulike delar av verda.
=====

Den væpna kampen som land i den 3. verda fører mot imperialismen er den viktigaste krafta som verkar mot supermaktene sine krigsførebuingar. Det er også i denne kampen folkemassene fører mot imperialismen, vi finn hovudstrømmen til den breie internasjonale fronten mot supermaktene. Programmet understrekar derfor kor viktig det er for folka i den 2. verda å utvikle solidariteten med den 3. verda. Særleg ved å styrke det konkrete støttearbeidet for dei som står i fremste rekke mot imperialismen. Såleis er også slikt støtte arbeid eit viktig fredsarbeid fordi det bidrar til å svekke supermaktene og deira krigsførebuingar.

For at fredsrørsla skal spele ei positiv rolle, må den knytte band til dei kreftene som verkeleg står mot krigsførebuingane - først og fremst frigjeringskampen i den 3. verda, og til dei uavhengige fredsgruppene og opposisjonen i Aust-Europa og Sovjet. Ei verkeleg fredsrørslle må gå mot både USA og Sovjet, og reise kamp for nasjonalt sjølstende. Merk at programmet også går mot dei pasifistiske linjene i fredsrørsla som vil gå inn for å fjerne også det konvensjonelle forsvaret i mindre europeiske land.

=====
TENK ETTER:

Les avsnitt 3.3.4. Er du enig i dei krava programmet stiller til ei verkeleg fredsrørslle?
=====

SJEKKLISTE

=====

Gjeld kapittel 3.

1. Kvifor er det viktig å bygge ein brei, internasjonal einskapsfront mot supermaktene?
2. Kven vil vere hovudstønad i denne fronten?
3. Kva betydning har vårt støtte arbeid for frigjeringsrørslene i den 3. verda?
4. Kva muligheter fins for å påverke og eventuelt hindre konkrete imperialistiske krigar?
5. Nemn faktorar som kan påverke supermaktene sine krigsførebuingar.
6. Kva er viktig å legge vekt på i spørsmålet om nedrustning?
7. Kva linje bør folka i verda følge dersom det bryt ut ein 3. verdskrig?
8. Kva krav bør stillast til supermaktene når det gjeld såkalla ABC-våpen?

SPØRSMÅL TIL DISKUSJON (MØTE 4):

=====

1. "Imperialisme betyr krig". Korleis grunngjev programmet denne påstanden. Kva er ditt syn på den?
2. Programmet hevdar at Sovjet er den farlegaste og mest aggressive av dei to supermaktene. Er dette i samsvar med ditt syn? Kva eventuelle politiske konsekvensar meiner du dette har for arbeidet mot krigen. Til dømes innafor fredsrørsla?
3. Les avsnitt 3.5 om kva som må gjerast dersom verdskrigen bryt ut. Er dette ei rett linje? Er programmet sin kritikk av pasifismen og borgarleg kapitulasjonspolitik i tråd med ditt syn?

=====

MØTE 5: SOSIALISME OG KOMMUNISME

Les kapittel 2 i prinsippprogrammet.

I dette kapitlet blir det slått fast at sosialisme og komunisme er den einaste muligheten for å få slutt på klasseundertrykking, krigar og naturøydelegging. Kapitalismen og imperialismen gjer berre desse problema meir vonlause.

I avsnitt 2.1 blir det gitt ei framstilling av det kommunistiske samfunnssystemet. I følge marxismen vil utbyttinga vere oppheva under kommunismen. Den fullt utvikla kommunismen er eit samfunn utan klasser. Samfunnet disponerer produksjonsmidla og regulerer produksjonen etter ein samfunnsmessig plan. Ein føresetnad for kommunismen er at produktivkreftene er så høgt utvikla at det er mulig å utvikle kommunistiske produksjonsforhold. I avsnitt 2.1.2 blir det argumentert for at kommunismen ikkje er eit uoppnåeleg ideal, men at utviklinga av vitskap og teknologi allereide har skapt mange av dei materielle føresetnadene for at eit slikt samfunn kan skipast. Automatiske satamaskiner og robotar er allreide i dag i ferd med å erstatte menneskeleg arbeidskraft i ulike typer av produksjon og tenesteyting. Under kapitalismen betyr dette arbeidsløyse og kriser. I eit framtidig kommunistisk samfunn vil det vere mulig å utnytte teknologien til folkets beste: arbeide vert ikkje lenger ein tvang, men eit behov. Menneska vert ikkje lenger slavar av arbeidsdeling, men blir i stand til å få ei allsidig utnytting og utveksling av evner og interesser. (2.1)

=====

TENK ETTER:

Programmet seier at kommunismen er eit historisk nødvendig alternativ til den noverande organiseringa av verdssamfunnet. Er du enig i dette?

=====

I kapittel 1 (møte 1) blir det argumentert for at utviklinga av produktivkreftene etter kvart vil rive grunnen under dei kapitalistiske produksjonsforholda, og at klassekampen vil rydde veg for nye produksjonsforhold. Mange borgarlege ekspertar og forfattarar ser med uro på kva som kan følge i kjølvatnet av den noverande teknologiske revolusjonen. Den kjente "framtidsprofeten" Alvin Toffler seier det til dømes slik:

"Det er umulig å samtidig bli rammet av en revolusjon i energi, en revolusjon i teknologi, en revolusjon i familielivet, en revolusjon i kjønnsrollene, og en verdensomspennende revolusjon i kommunikasjonene uten også å stå overfor, før eller seinere, en potensielt eksplosiv politisk revolusjon".

I avsnitt 2.2 går programmet inn på røynslene frå sosialistiske revolusjonar. Merk at programmet legg vekt på at revolusjonen berre kan sigre med våpenmakt. I vårt fredelege hjørne av verda er dette ein temmeleg framand tanke for mange - og det er ikkje noko merkeleg i det. Dette er også eit punkt der AKP(ml) er blitt møtt med påstandar om at vi er "valdsromantikarar" og "kuppmakarar". Ikkje minst frå SV-hald har slike åtak vore hyp-pige. For det første er det viktig å merke seg at etter AKP(ml) sitt syn er ein sosialistisk revolusjon utenkeleg dersom det ikkje er støtte for den i dei breie laga av folket, og revolusjonen kan ikkje tvingast fram av eit mindretal mot massene si vilje. (2.2.7). For det andre har ikkje AKP(ml) noko mindre ønske enn andre om at revolusjonen må gå mest mulig fredeleg og ublodig føre seg. Når vi seier at arbeidarklassen må vere budd på å bruke våpenmakt, så bygger vi på erfaringar frå alle sosialistiske revolusjonar som verda kjenner til, og vi bygger på erfaringar med korleis borgarskapet i Noreg og andre vest-europeiske land ikkje nøler med å bruke valdsmakt for mange mindre farlege hendingar. Tenk berre på korleis det engelske borgarskapet mobiliserar valdsmakt for å knekke gruvestreiken i 1984-1985. Tenk også på korleis borgarskapet i Noreg mobiliserte sitt største politioppbod etter krigen for å oppretthalde respekten for "lovlig fattede vedtak" i Alta-saka. Vi må spørre: Når borgarskapet er viljuge til å mobilisere valdsmakta slik dei gjer mot gruvearbeidarane i England - kva kan vel ikkje den

engelske arbeidarklassen vente seg den dagen borgarskapet si makt verkeleg ser ut til å bli truga? Er det ikkje rimeleg å tru at også det norske borgarskapet vil bruke "pisken" i staden for "gulrota" i ein revolusjonær situasjon for å slå ned opprøret?

=====

TENK ETTER:

Prinsippprogrammet seier (kap. 2.2.4) "All historisk erfaring viser imidlertid at borgarskapet med alle mulig middel prøver å halde på makta si og vinne den tilbake dersom dei har miste den. Dei vil prøve å knuse revolusjonen med våpenmakt." Stemmer dette med egne kunnskapar? Fins det døme som motseier denne kunnskapen?

=====

I avsnitta 2.3 og 2.4 legg partiet fram sitt syn på sosialismen som samfunnsform. Sosialisme er namnet på den samfunnsforma som oppstår etter at kapitalismen er styrta; men før det er mulig å skape den høgt utvikla kommunismen. (2.3.1.)

Sosialismen vil i lang tid vere eit klassesamfunn. I dette samfunnet vil det vere lønsarbeid og arbeidsdeling, skilnader mellom arbeidarar og intellektuelle, og det vil finnast ei statsmakt. Alle tidlegare statsformar har vore ulike former for overklasse-diktatur over det arbeidande folket. Statsforma under sosialismen er proletariatets diktatur som er statsmakta til arbeidarklassen og det arbeidane folket. Merk at ein av føresetnadene for at denne statsforma skal bli bygd opp og utvikle seg i retning av kommunismen, er at det blir utvikla eit stadig meir omfattande demokrati. Og stadig fleire må trekkast med i styre og stell - slik at arbeidarklassen og folket verkeleg vert herskare i samfunnet. (Desse spørsmåla blir drøfta nærare i møte 6).

Sosialismen er ikkje noko mål i seg sjøl. Samfunnet må utviklast målmedvite fram mot kommunismen. Elles risikerer samfunnet å degenerer tilbake til kapitalismen. (Kap. 2.4).

SJEKKLISTE

=====

Gjeld kapittel 2:

1. Nemn nokre karakteristiske trekk ved det kommunistiske samfunn.
2. Nemn nokre argument for at kommunismen ikkje er noko uoppnåeleg ideal, men ein realitisk og nødvendig mulighet.

3. Kva betydning har utviklinga av produktivkreftene for utviklinga fram mot kommunismen?
4. Nemn nokre kjennetegn ved ei revolusjonær krise.
5. Nemn tre føresetnader som må vere oppfylte for at revolusjonen skal sigre.
6. Kva er skilnaden mellom sosialistisk revolusjon og ny-demokratisk revolusjon?
7. Nemn nokre kjennemerke ved sosialistisk eige-dom og planøkonomi.
8. Kva prinsipp styrer storleiken på løna under sosialismen og kommunsimen?
9. Kva vil vere hovudmotseiinga i lang tid etter ein sosialistisk revolusjon?
10. Kva samband er det mellom kamp for full kvinnefrigjøring og kamp for kommunismen?

SPØRSMÅL TIL DISKUSJON (MØTE 5):

=====

1. Les avsnittet 2.1 om kommunismen. Er du enig i at kommunismen ikkje er noko uoppnåeleg ideal, men både nødvendig og realistisk?
Er det rett å seie at den noverande teknologiske og vitskaplege revolusjonen er med å legge eit materielt grunnlag for kommunismen?
2. Er du enig i at det ikkje går å reformere seg inn i sosialismen og at ein sosialistisk revolusjon er nødvendig?
Drøft i samband med dette om ein "parlamentarisk overgang" til sosialismen er mulig. Er statsdrift under kapitalismen et skritt på vegen mot sosialismen?
3. Kva meiner du er føresetnadene for å oppheve kvinneundertrykkinga?
4. Kva betyr det at sosialismen er ei overgangsform mellom kapitalisme og kommunisme?
Kva for konsekvensar bør dette få for arbeidet med å utvikle det sosialistiske samfunnet?

=====

MØTE 6: SOSIALISTISK REVOLUSJON I NOREG

Les kapittel 5 i prinsippprogrammet!

I dette kapitlet legg partiet fram sitt syn på kva prinsipp sosialismen bør byggast på, og korleis sosialismen skal utviklast i retning av kommunismen.

I avsnitt 5.1 blir det slått fast at ein revolusjonær situasjon vil oppstå i Noreg. I avsnitt 5.2 blir det slått fast at økonomisk og i klassesammenheng er Noreg "overmodent for sosialismen". Vanskene ligg i den politiske utviklinga, den økonomiske tilknytninga til imperialismen, og fåren frå den imperialistiske reaksjonen. Merk deg avsnitt 5.2 som tek opp fordelar og ulempar ved å bygge sosialismen i Noreg.

TENK ETTER:

Les avsnitt 5.2 om fordelar og ulemper ved å bygge sosialismen i Noreg. Er du enig i at med dei ulempene som er nemnt her vil det vere særleg viktig å ha eit sterkt kommunistisk parti og ei kunnskapsrik, klassemedviten arbeidarklasse som kan stille seg i spissen for revolusjonen og oppbygginga av sosialismen?

I avsnitt 5.4 legg partiet fram sitt syn på korleis den sosialistiske økonomien bør byggast opp. Oppbygginga av ein sterk sosialistisk økonomi er grunnlaget for å skape eit sosialistisk samfunn. Det første steget mot ein sterk sosialistisk sektor i økonomien er å gjere dei store monopola - storindustrien, oljesektoren, gruvedrifta, kommunikasjonsnett, store delar av handelen, bank, finans- og forsikringsverksemd - til sosialistisk eigedom. Med grunnlag i den sosialistiske statssektoren blir det mulig å skipt ein sosialistisk planøkonomi i Noreg. I staden for at produksjonen skal styrast av kapitalistisk profitt, blir grunnregelen at produksjonen skal styrast ut frå folket sine langsiktige og kortsiktige behov.

Programmet seier at eit aukande overskot ikkje er eit mål i seg sjøl, men eit middel til å skape store endringar i samfunnet:

- bryte ned den samfunnsmessige arbeidsdelinga, det vil seie skiljet mellom intellektuelt og manuelt arbeid.
- skape føresetnadene for full kvinnefrigjering.

Programmet legg vekt på at sosialismen med ein gong må ta til med å skapa føresetnader for å oppløyse familien og heile kjønnsarbeidsdelinga. Samfunnet må ta over ein større del av ansvaret for forsørgjing og omsorg. Målet er fullt samfunnsansvar for barn og andre som ikkje kan forsørgje seg sjøl, samfunnsorganisering av husarbeidet, full likestilling på alle område. Full frigjering av kvinnene vil seie full oppløysing av familien og av kjønnsarbeidsfordelinga.

- gjere slutt på rovdrifta på natur og miljø.
- bryte ned det historiske skiljet mellom by og land.

Programmet understrekar at den økonomiske og teknologiske utviklinga i seg sjøl ikkje automatisk fører til frigjering av menneska under sosialismen. Arbeiderklassen og folket må drive klassekamp for å sikre at overskotet blir brukt slik at det tener deira interesser. Og klassekamp utan utvikling av produktivkreftene vil verte eit slag i lufta og føre til nederlag for sosialismen.

Avsnitt 5.5 omhandlar den sosialistiske staten, proletariatets demokratiske diktatur, det arbeidarklassen og det arbeidande folket har makta og bestemmer over utviklinga, og imperialismen og borgarskapet blir undertrykt. Diktaturet rettar seg mot reaksjonen som vil innføre kapitalismen på nytt.

Det politiske grunnlaget for den sosialistiske staten er dei demokratiske masserørslene i arbeidarklassen og folket.

TENK ETTER:

Er du enig i at utviklinga av demokrati for arbeidarklassen er det viktigaste midlet for diktatur over borgarskapet? Kva konsekvensar kan det få for borgarskapets innverknad og makt dersom arbeidarklassen sitt demokrati er sterkt innskrenka?

=====

Merk deg avsnitt 5.5.5 som tek opp statsleiinga under proletariatets diktatur. Prinsippa for val av statsleiing skil seg grunnleggande frå den borgarlege parlamentarismen:

- representantane må kunne kallast tilbake.
- dei folkevalde forsamilngane må vere utøvande organ som arbeider aktivt for å sette vedtak ut i livet.
- flest mulig av leiinga i statleg og økonomisk byråkrati må verte folkevalde, ha vanleg arbeidarløn og kunne trekkast tilbake.

Ei hovudmålsetting under sosialismen er å styrke arbeidsfolk sin innverknad på utviklinga av det sosialistiske samfunnet. Så lenge det fins lønsarbeid, arbeidsdeling og ei statsmakt, vil det spontant vere grobotn for borgarlege tendensar. Byråkratiet kan og gje grobotn for nye klasseskilje. Programmet understrekar derfor at folk må mobiliserast til å kontrollere det sosialistiske statsapparatet. Etter kvart må arbeidarar og arbeidsfolk meir og meir ta direkte del i administrasjon og leiing, og dei som har leiande jobbar må gjere underordna jobbar i periodar.

Erfaring frå Sovjet og andre revisjonistiske land viser at det er ein reell fare for at sosialismen kan lide nederlag, at sosialismen kan bli erstatta med eit nytt overklassediktatur og undertrykke arbeidarklassen og folket. Dette betyr å gjenreise kapitalismen gjennom ein kontrarevolusjon. Den viktigaste forma for undertrykking av kontrarevolusjonære krefter er den politiske kampen som det arbeidande folket fører. Hovudmetoden i den kampen er massemobilisering, overtyding og styrking av sosialismen for å trengje tilbake borgarlege idear og borgarlege og byråkratiske krefter i staten og økonomien.

TENK ETTER:

Programmet legg stor vekt på betydninga av å bryte ned den samfunnsmessige arbeidsdelinga som gjer den tidlege sosialismen avhengig av ekspertar og byråkratar, og som kan gje grobotn for borgarlege tendensar i det sosialistiske samfunnet. Kva fordelar og ulemper meiner du eit høgt utvikla industriland som Noreg vil ha i dette arbeidet, samanlikna med til dømes erfaringane frå Sovjet og Aust-Europa?

=====

Sosialismen gjer det mulig å skape dei materielle vilkåra for oppheving av kvinneundertrykkinga. Men erfaring viser at sosialismen ikkje automatisk fører til kvinnefrigjering. Det er viktig at det fins ei sterk, sjølstendig kvinnrørsle under sosialismen som kan kjempe for ei langsiktig økonomisk utvikling som kan legge grunnlaget for oppløysinga av familien, kjempe for særrettar for kvinnekjønnene alle stader der det vert teke avgjerder, kjempe mot den kjønnsmessige arbeidsdelinga i samfunnet, og mot kvinneundertrykkinga i ideologien og kulturen.

Kampen for kvinnefrigjering har stor betydning for arbeidet med å utvikle sosialismen fram mot kommunismen. Å oppheve kvinneundertrykkinga betyr å avskaffe familien, arbeidsdelinga mellom kvinne og mann, privateigedomen og marknaden.

=====

TENK ETTER:

Er du enig i at det vil vere nødvendig å kjempe for ulike typar av særrettar for kvinnene under sosialismen, til dømes 50% representasjon i bestemmande organ i den sosialistiske staten? Korleis skal ein sikre reell likestilling mellom menn og kvinner under sosialismen?

=====

I AVSNITT 5.7 slår programmet fast at for at klassekampen under sosialismen skal utvikle seg i positiv retning, treng arbeidar-klassen ei leing, det kommunistiske partiet. Partiet består av dei mest klassemedvitne, erfarne og kunnskapsrike i arbeider-klassen. Sosialismen kan spontant utvikle seg i retning av kap-italismen, han må utviklast medvite iretning av kommunismen. Berre partiet kan leie denne prosessen og peike ut ein strategi fram mot kommunismen.

Partiet må spele ei leiande rolle i den sosialistiske staten, men partiet kan ikkje fastsette politikken dersom dette er i strid med folkeviljen eller eit fleirtal i demokratisk valde organ. Det kommunistiske partiet må respektere det sosialist-iske demokratiet og folkeviljen.

Dersom utviklinga under sosialismen fører til at det er fare for at eit mindretal av utbyttarar kjem tilbake til makta, vil kommunistane alliere seg med andre som vil forsvare sosialismen, og med alle middel hindre at kapitalismen blir gjenreist.

Erfaringane frå Sovjet og Aust-Europa viser kor viktig det er at partiet kjempar for å halde seg raudt og ikkje gror saman med statsapparatet og byråkratiet. I mange tidlegare sosialist-iske land har kommunistpartiet blitt regjeringspartiet til den statskapitalistiske overklassen. For å unngå ei slik utvikling må:

- eit fleirtal i partiet vere vanlege arbeidsfolk som står i sitt daglege arbeid, og det same må gjelde leiande organ på alle plan i partiet.
- partiet må ikkje få eit fleirtal av høgare funksjonærer frå staten eller byråkratiet.
- partiet må vere sjølstendig for å kunne sjå kritisk på utvik-linga i statsapparatet, og fremme rettferdig kritikk.
- leiande funksjonærer i partiet må ikkje få løner eller pri- vileg som skil dei frå vanleg folk. Dersom det er mulig, bør verva sirkulere, og ei viss tid av året må dei gjere vanleg produktivt arbeid.

SJEKKLISTE

=====

1. Kva tre føresetnader må revolusjonen bygge på om han skal sigre?
2. Kva føremoner vil sosialismen i Noreg ha samanlikna med dei landa som har prøvd å bygge sosialismen til no? Og kva ulemper?
3. Kva er det første steget fram mot ein sterk sosialistisk sektor i økonomien?
4. Kva inneber det å legge grunnlaget for å bryte ned den samfunnsmessige arbeidsdelinga?'
5. Kva inneber det at full kvinnefrigjering føreset revolusjonering av produksjonsforholda og sterk utvikling av produktivkreftene?
6. Kva tilhøve er det mellom klassekampen og utviklinga av produksjonen under sosialismen?
7. Kva er hovudmotseiinga i det sosialistiske samfunnet?
8. Kva klasser og sjikt har interesse av å utvikle sosialismen, og kva grupper må proletariatets demokratiske diktatur rette seg mot?
9. Kva betydning har arbeidarklassen sitt demokrati som eit middel for diktatur over borgarskapet?
10. Kvifor er det viktig at arbeidarklassen har kontroll med byråkratiet under sosialismen?
11. Kva to feilaktige idear om proletariatets diktatur retter programmet seg spesielt mot?
12. Kva oppgåver må sosialismen stille seg for at kvinnene skal få reell, og ikkje berre formell, likerett?
13. Korleis er kampen mot kvinneundertrykking knytt saman med kampen for kommunismen?
14. Kvifor er partiet nødvendig som ei leiande kraft under sosialismen?
15. Kva krav må ein stille til partiet for at det skal halde seg raudt, og ikkje gro saman med statsapparatet og byråkratiet?

SPØRSMÅL TIL DISKUSJON (MØTE 6):

=====

1. I avsnitt 5.2.1 i programmet heiter det:
"Økonomisk og klassemessig er Noreg "overmodent" for sosialismen. Vanskane ligg i den politiske utviklinga, den økonomiske tilknytninga til imperialismen og faren frå den imperialistiske rekasjonen".
Er du enig i denne påstanden?
2. Kva betydning meiner du kampen for kvinnefrigjering har for kampen for utviklinga av sosialismen fram mot kommunismen?
3. Les avsnitt 5.5.9 om kritikken av parlamentarismen. Er kritikken av det borgarlege demokratiet rett, og er du enig i den prinsippa for sosialistisk demokrati som programmet legg fram? (særleg avsnitt 5.5.7).
4. Er du enig i den sentrale rolle som programmet tillegg det kommunistiske partiet under sosialismen. Er det mulig å tenke seg at det sosialistiske samfunnet kan utvikle seg i retning av kommunismen utan eit kommunistisk parti i leiinga?

